

## Uldis Pitrangs er Årets avløyсар i Møre og Romsdal

- Selma Cowan -

Uldis Pitrangs vart kåra til "Årets avløyсар" i Møre og Romsdal. Han vart tilsett i Landbruk Nordvest i 2004, og har sidan vore ein påliteleg og lærevillig arbeidstakar. Her kan du lese grunngjevinga for nomineringa som bonden sende inn.



### Forslag frå Siv Eli og Per Steinar Husby

Uldis Pitrangs byrja hos oss i 2004 og har vore her på fulltid sidan da. Da vi begge var opptekne med arbeid utanfor bruket, hadde vi behov for avløyсар på fulltid. Uldis hadde vore i Sunndal i nokre periodar og arbeidd med diverse vedlikehalds- og byggeprosjekt hos folk vi kjente. Dei gav han sær gode skudsmål.

Etter 3-4 år flytta og familien hit. Dei har for nokre år sidan bygd nytt hus i Øksendal, og begge døtrene er no i ferd med å avslutte høgare utdanning i Noreg.

### **Fulltid**

Som sagt ville vi ha ein person på fulltid, og det var difor viktig at vedkommande hadde ein variert bakgrunn slik at han kunne dekke dei fleste oppgåver på bruket. Også i periodar da sjølve dyrehaldet ikkje gav full sysselsetting. Det fekk vi til gangs med Uldis.

### **Bygut**

Han er opphavelg bygut frå Riga i Latvia, men hadde ein variert praktisk bakgrunn, sjølv om husdyrstell ikkje var ein del av det. Han har m.a. arbeidd eit par år i skogen og har vore «altmogelegmann» i eit entreprenørfirma. Der hadde han arbeidd med alt av mur og flisarbeid, snikkararbeid og hadde vedlikehaldsansvar for ein stort sett gamal austuropeisk maskinpark. Skruing på alt frå dieselmotorar til det meste anna, var normalen. Derifrå har han òg erfaring og sertifikat for store køyretøy.

### **Motivert**

Men interessa for dyr hadde han like vel. Han var òg svært motivert for å lære både dyrehald og språk; engelsk først og så norsk. Etter ein prøveperiode på eit halvt år, var vi såleis ikkje i tvil om å tilby fast jobb.

### **Stort ansvar**

Han er, som sagt, svært lærevillig. Og vi har vore bevisste på å sette han på stadig nye oppgåver. I dag har han ansvaret for det meste med veking av mjølk og rapportering til husdyrkontrollen/TINE. Når han er på arbeid, er det ikkje ein kalv som ikkje er øyremerka og registrert inn før den er tørr.

Etter vi fekk mjølkerobot i 2008 er det han som har drifts- og vedlikehaldsansvaret på den. Dette blir gjennomført med slik flid at det hender at servicefolk på besøk, spør han om råd. Hans kunnskap om roboten går langt utover det vi har sjølve.

### **Skaper ei positiv oppleving**

Det er særleg verd å merke seg det gode forholdet han har til dyra. Dette påverkar alt i fjøset og er med å gjere arbeidet der til ei positiv oppleving. Han brukar tid til å kose/stelle med kalvane heilt frå starten av. Dette medverkar til at vi har ein svært roleg og triveleg buskap.

Ein av dyrlegane sa her om dagen:

*«Det er nesten berre hos Uldis ein kan inseminere kvigene ståande mitt på golvet i bingane».*  
(Dyrlegen sa hos Uldis, ikkje hos oss.)

### **Kjenner oss trygge**

I tillegg til stor arbeidskapasitet, punktleghet, teknisk innsikt og det gode forholdet til dyra, vil vi understreke det viktigaste: Ansvarsfølelse og pålitelegheit som er eineståande.

Med Uldis på vakt kan vi dra på hytta og på ferie utan noko som helst uro for stoda heime.

**Vi meiner at om det er nokon som verkeleg fortener ei påskjøning som «Årets avløysar», er det Uldis.**

**FIKK DEN 2. DESEMBER UTDELT BLOMST, DIPLOM OG KLOKKE FRÅ NORSKE  
LANDBRUKSTENESTER**

Utdeling av påskjønninga frå Norske Landbrukstenester blei som alt anna i år 2020 litt annleis. Det var ikkje fysisk samling på hausten av alle laga i Norske Landbrukstenester, og heller ikkje vanleg personalmøte hos Landbruk Nordvest i desember. Difor fekk Uldis kome til kontoret vårt på Felleskjøpet i Molde for å få merksemda frå NLT som vart tilsendt oss i posten. Og kake og blomst blei kjøpt inn for anledninga.

GRATULERER ULDIS ! VEL FORTENT !



*Selma Cowan gir Uldis Pitrangs blomster, diplom og klokke*